

Langtur i godt vær

Frå stølslaget Djup ved Djupsvatnet (1091) står det ved Storegrove skilt som er merka med turistløype til Bjøberg. Følg denne i litt bratt, men fin stigning oppover langs det vestre bekkeløpet – Djupsgrovi aust for Djupsnuten (1493). Vidare forbi Veslebotten med Veslebot-tjørn gjennom Djupsgjenget og innover flatare lende, like sør for Julsenvatnet (1348). Mot nordvest ser ein Julsennose og Julsennuten (1475) i bakgrunnen. Her svingar stigen litt austover i flatare lende til Venehallsnuten (1475) på vestre side. I dette fjellområde er det funne fleire gamle dyregraver.


Ein fylgjer så Venehallsåne i litt bratt, men godlendt terreng ned i det gamle stølslaget Skålen.

Kryssar ein Skålaåne omtrent midt i gjelet, kan ein følgje turistløypa vidare til Bjøberg og koma ned att til riksveg 52 øvst i Hemsedal. Fylgjer ein stigen på sørsida av Skålaåne nedover til Skålatjern går stigen vidare til Gyrinose og den private kjerrevegen til Gravabotn.

Denne turen kan også takast saman med tur nr. 2-8 Gravabotn – Skålen. Då vert turen ca. 14 km lengre.




Foto: Bård Svardal





For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000


I Skålen ligg to gamle stølar med flate grasvollar med godt fjellbeite her langs Skålaåne. Skålen var i fleire år brukt som område for hesteslepp, der ein hingst gjekk med sitt hoppeharem under tilsyn av gjetar, men det er det no slutt med.


Området aust for Nodre Skålanut vert kalla Hestebottan. Dalføret mellom nodre- (1618) og søre Skålanut (1444), dannar saman det tronge fjellgjelet som vert kalla Skålakjeften.

 Fylkesveg 244 gjennom Vats, opp til Rødungstølhøgda. Vidare fjellvegen til Djup.

 Langs vegkanten i Djup der stigen mot Bjøberg tek av.

 Djup – Skålen ein veg er ca. 11,5 km. Tid: Ca 3-4 timar ein veg.

 Mektig natur frå slett fjell, blinkande fjellvatn til dei majestetiske toppane i Skålakjeften. Gamle reinsgraver.

 Ved Storegrove (den innerste bekken) i Djup er det skilta turistløype til Bjøberg.

